



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	20.08.2013
Tid:	13:30 – 16:45

Medlemer som møtte:

Camilla Storøy Hermansen	Medlem	KRF
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

Forfall:

Tor-Sindre Steinsvik	MEDL	H
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Idar Tarberg	Tor-Sindre Steinsvik	H
Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V
Janita Iren Westbø Remøy	Olaug Andreassen	AP

Andre:

Erlend Krumsvik, rådmann
Lisbeth Moltu Espeseth, sekretær
Hallvard Rusten, planleggar
Aleksander Tarberg, planleggar
Ole Magne Rotevatn, planleggar
Berit Sandvik Skeide, planleggar
Olaus-Jon Kopperstad, ass.rådmann

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vert valde:
Henry Jøsokbakke og Camilla Storøy Hermansen

Kjell Runde fekk permisjon frå kl. 15:15, etter handsaming av F-sak 143/13.

Det vart drøfta orientert om:

Gangveg Kalveneset – Torsethøgda.

Formannskapet ber om ei orientering om status i neste møte.

Igesund Eigedom – ordføraren orienterte.

underskrifter

Henry Jøsokbakke

Arnulf Goksøy
ordfører

Camilla Storøy Hermansen

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 129/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 130/13	Protokoll frå førre møte
PS 131/13	Delegasjonssaker
PS 132/13	Skatterekneskapen 2012
PS 133/13	Reguleringsendring for Vågsholmen - Sluttbehandling
PS 134/13	Reguleringsplan Nærøykrysset FV 18 - Behandling av klage på vedtak
PS 135/13	Detaljreguleringsplan for Hjelmeset 3. Klage på kommunestyret sitt vedtak
PS 136/13	Reguleringsplan for for FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg, alt. 2. Klage på kommunestyret si godkjenning i K-sak 49/13.
PS 137/13	Campus Fosnavåg. Godkjenning av grunnavtale.
PS 138/13	Skilting av kommunale vegar og gater. Behov for løyving.
PS 139/13	Økonomisk avslutning prosjekt 51005 avløpsanlegg Eggesbønes
PS 140/13	Oppretting av stillingar i bu og habiliteringsavdelinga, Toftetunet avl.
PS 141/13	Møtegodtgjersle. Brukarrepresentant i byggenemnda.
PS 142/13	Detaljregulering for Lanternen Marina AS - Spørsmål om oppstart av privat planarbeid
PS 143/13	Høyringsuttale - planprogram regional delplan for attraktive byar og tettstadar
PS 144/13	Nytt bustadfelt Moltustranda - forhandlingar om grunnerv

Delegasjonssaker frå avdelingane

DS 30/13	Serveringsløyve - Asiamat.
DS 31/13	Søknad om å ta skjenkeløyve til Rådhusplassen 31.08. og 01.09.2013
DS 32/13	Søknad om utvida skjenketid f.o.m. 31.08.2013 t.om. 01.09.2013 til kl. 02:00
DS 33/13	Serveringsløyve - Det Lille Hjørnet
DS 34/13	Kjøp av gnr 26 bnr 200 Leinøy
DS 35/13	Nils Gunnar Valde og Andre Moldskred - kjøp av bustadtomt gnr. 45 bnr. 161 i Dragsund.
DS 36/13	Svar på søknad om skjenkebevilling - enkeltanledning/ambulerende
DS 37/13	Serverings- og/eller skjenkebevilling
DS 38/13	Kjøp av boligtomt. 45/158 Dragsund

Prenta skriv til orientering/drøfting:

Notat av 22.07.2013 frå utviklingsavdelinga vedk. FV 654 Skarabakken – Utbetnings- og trafikktryggingstiltak.

PS 129/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkallinga.

Saklista vert godkjent med slikt tillegg:

- Orientering vedk. gangveg Kalvenes – Thorsethøgda.
- Orientering om Igesund eigeedom.

PS 130/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 131/13 DELEGASJONSSAKER

Møtebehandling:

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre.

PS 132/13 SKATTEREKNESKAPEN 2012

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Herøy kommunestyre tek skatterekneskapen 2012 til vitande.

PS 133/13 REGULERINGSENDRING FOR VÅGSHOLMEN - SLUTTBEHANDLING

Møtebehandling:

Planleggarane Hallvard Rusten og Aleksander Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Herøy kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslovens § 12-12, å eigengodkjenne ”**Reguleringsendring for Vågsholmen**”, med plankart reguleringsføresegner og planomtale, sist revidert 23.04.2013.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast jamfør plan- og bygningsloven § 1-9 og forvaltningsloven kapitel VI innan 3 veker frå kunngjering.

PS 134/13 REGULERINGSPLAN NÆRØYKRYSSSET FV 18 - BEHANDLING AV KLAGE PÅ VEDTAK

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen som Gjert A. Nærø framfører inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsplanen for Nærøykrysset FV18 vart vedteken i møte den 24.05.2013.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 50/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.

PS 135/13 DETALJREGULERINGSPLAN FOR HJELMESET 3. KLAGE PÅ KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at innkomne klager inneheld nye moment i høve til det som låg føre då reguleringsplanen for Hjelmeseeth 3 vart vedteken i møte 28.2.2013, sak K 45/13.

Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 45/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

PS 136/13 REGULERINGSPLAN FOR FOR FV 654/NY INNFARTSVEG TIL FOSNAVÅG, ALT. 2. KLAGE PÅ KOMMUNESTYRET SI GODKJENNING I K-SAK 49/13.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Norsk Ornitologisk Forening, datert 28.05.2013, inneheld nye moment eller nye faktaopplysningar i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplanen for FV 654/Ny innfartsveg til Fosnavåg vart vedteken i møte den 25.04.2013.

Med tilvising til ein omfattande og grundig planprosess med tilhøyrande konsekvensutgreiing, til Direktoratet for naturforvaltning si nyleg vedtekne grenseendring for Myklebustvatnet naturreservat samt til detaljtilpasningar i plan og føresegner som i siste del av planfasen har vore gjennomført i nært samarbeid med Fylkesmannen, meiner kommunestyret heilt klart at prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 har vore ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Kommunestyret kan med basis i desse vurderingane heller ikkje sjå at det er grunnlag for å gi klagen oppsettande verknad.

Klagen vert difor ikkje teken til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 49/13. Saka vert å sende Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.

PS 137/13 CAMPUS FOSNAVÅG. GODKJENNING AV GRUNNAVTALE.

Møtebehandling:

Ass.rådmann Olaus-Jon Kopperstad orienterte i saka.

Arnulf Goksøyr reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styreleiar i Sunnmørsbadet AS. Han gjekk frå under handsaming av habilitet. Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend inhabil etter KI § 40, FL § 6a.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Kommunestyret godkjenner avtalen mellom Herøy kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune datert 25.06.13 som erstattar avtalen datert 08.03.2013 om avståing av nødvendig grunn til Campus Fosnavåg godkjend i K-sak 56/13.

PS 138/13 SKILTING AV KOMMUNALE VEGAR OG GATER. BEHOV FOR LØYVING.

Møtebehandling:

Høgre v/Idar Tarberg kom med framlegg på alt. 1 i rådmannen sitt framlegg.

Rådmannen si tilråding til alt. 1 vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Kostnadane med arbeidet, kr 250.000,- ink mva, vert overført frå prosjekt "kontraktslege kjøp" i investeringsbudsjettet med prosjektnr. 60107.

PS 139/13 ØKONOMISK AVSLUTNING PROSJEKT 51005 AVLØPSANLEGG EGGESBØNES

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 6.306.862,-

PS 140/13 OPPRETNING AV STILLINGAR I BU OG HABILITERINGSAVDELINGA, TOFTETUNET AVL.

Møtebehandling:

Framlegg om at første avsnitt vert endra til:

«Kommunestyret vedtek at det vert oppretta stillingar i bu- og habiliteringsavdelinga etter slik fordeling:...»

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 20.08.2013

Kommunestyret vedtek at det vert oppretta stillingar i bu-og habiliteringsavdelinga etter slik fordeling:

0,348 årsverk vert oppretta til fagarbeidar/miljøarbeidar

0,252 årsverk vert oppretta til miljøterapeut

Det økonomiske meirforbruket er lagt inn i budsjettet for 2013.

PS 141/13 MØTEGODTGJERSLE. BRUKARREPRESENTANT I BYGGENEMNDA.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 20.08.2013

Formannskapet utset saka og ber administrasjonen sjå på saka på nytt.

PS 142/13 DETALJREGULERING FOR LANTERNEN MARINA AS - SPØRSMÅL OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID

Møtebehandling:

Planleggarane Aleksander Tarberg og Hallvard Rusten møtte og orienterte i saka.

Krf v/Camilla Storøy Hermansen kom med slikt nytt pkt. 6:

«Ein ber om at det vert sett av areal til leikeplass.»

Rådmannen si tilråding med framlegget frå Krf vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 20.08.2013

Formannskapet vedtek, i medhald av PBL § 12-8, at det vert gjeve løyve til oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan/reguleringsendring for «Lanternen Marina AS gnr 42 bnr 1 m.fleire» i Herøy kommune.

Oppstart av planarbeid skal skje innanfor plangrensa som vist i kartvedlegg 2 og under følgjande retningslinjer:

1. Dersom det er aktuelt med arealformål for drivstoffanlegg til småbåtar innanfor planområdet, skal dette lokaliserast i nærleiken av eksisterande servicebygg og kai i gjeldande reguleringsplan.
2. Av omsyn til risiko og sårbarheit (ROS) og negative landskapsverknader, skal ikkje nye naust lokaliserast på eksisterande molo innanfor planområdet. Ei vidare utvikling av nye naust innanfor planområdet må finne stad gjennom ei alternativ lokalisering.
3. Gjennom det vidare planarbeidet må det leggast vekt på å gjere strandsona på nordsida av planområdet er tilgjengeleg for ålmenta.
4. Ved ei lokalisering av nytt cafèlokale innanfor området «friområde» i eksisterande plan, skal det leggast vekt på å tilpasse ny bygning i høve eksisterande terreng med tanke på; *plassering, arkitektonisk utforming, volum, høgde og materialbruk*. Som ein del av planmateriale skal desse momenta visualiserast gjennom reelle perspektivteikningar og 3D-illustrasjonar.
5. Ved utforming av tilkomstveg til kafelokale og planlegging av parkeringsplassar, skal løysingane byggje på prinsippa om universell utforming. Ev. terrengutslag som følge av framføring av tilkomstveg skal minimaliserast og det skal vere fokus på avbøtande tiltak.
6. Ein ber om at det vert sett av areal til leikeplass.

PS 143/13 HØYRINGSUTTALE - PLANPROGRAM REGIONAL DELPLAN FOR ATTRAKTIVE BYAR OG TETTSTADAR

Møtebehandling:

Planleggar Ole-Magne Rotevatn møte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 20.08.2013

Formannskapet tek planprogrammet til vitande og har ikkje innspel til planprogrammet. Formannskapet ynskjer å opprette dialog med fylkeskommunen med sikte på å avklare Herøy kommune sine utfordringar knytt til senterstruktur i planprosessen.

PS 144/13 NYTT BUSTADFELT MOLTUSTRANDA - FORHANDLINGAR OM GRUNNERVERV

MØTET SLUTT KL. 16:45